



RADØY KOMMUNE

Planføresegner for Gnr. /Bnr. 21/12
Dudlatun nærings –og visningssenter - Radøy kommune

Gnr. /Bnr. 21/12 – Dudlatun nærings –og visningssenter

RADØY KOMMUNE – DUDLATUN Gnr. /Bnr. 21/12 (pbl § 12-7)

Planid: 1260 2012 0000 700

Saksnummer:

Dato sist revisert: 13.10.14

Føremålet med planframlegget er å detaljregulere planområdet og legge til rette for visningssenter, kontorlokale og lager for bedrifta Skjergardsfish AS. I tillegg til visningssenter inneholder reguleringsframlegget også kjøreveg, utvida kaianlegg og småbåtanlegg.

§ 1 FELLESFØRESEGNER

§ 1.1 Byggegrenser

- 1.1.1 Nye bygg skal plasserast innanfor byggegrensa.
Tiltak som nemnt i Pbl § 29-4 b samt parkeringsplasser og støttemurar kan plasserast nærmere nabogrensa enn regulerte byggegrenser.

§ 1.2 Rekkefølgje

- 1.2.1 Det skal utarbeidast VA-rammeplan som skal godkjennast av Radøy kommune før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor planområdet.
1.2.2 Kjørevegar, bussoppstillingsplass og parkeringsplass i planområdet skal være dimensjonert som vist i planen og være ferdigstilt før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest til tiltak i planområdet.

§ 1.3 Krav til utforming

- 1.3.1 Bygg skal underordne seg staden sine landskapstrekk: høgdedrag, strandsone, elvedaler, åsar, skrentar, det opne jordbrukslandskapet, samanhengande vegetasjonsbelte, tre som ligg i silhuett og markante enkelttre.
1.3.2 Bygg og anlegg skal vera utforma i samspel med omgjevnadene i karakter og form. Omgjevnadane omfattar òg bygd miljø. Fargebruk på fasade og tak skal tilpassast landskapet.
1.3.3 Bygg skal ha ein heilskapleg form og volumoppbygging og fremje gode uterom.
1.3.4 Det skal leggast vekt på terrengtilpassing, mellom anna slik at ein i størst mogeleg grad unngår flatplanering og høge skjeringar og utfylling i sjø. Ved tilplanting skal dette skje med stadeigen vegetasjon.

§ 2 BYGNINGAR OG ANLEGG

(PBL § 12-5 ledd nr 1)

§ 2.1 Anna tenesteyting

- 2.1.1 Areal innafor område for næringsverksemd skal nyttast til visningssenter, kontorlokale og næringsverksemd.
2.1.2 Innafor N er maksimal tomteutnytting 60% BYA.
2.1.3 Maksimal byggjehøgde for N er 9 meter over gjennomsnittleg planert terreng.
2.1.4 Byggegrense for N er 2 meter mot KV. Byggegrensa til N mot andre areal fell saman med føremålsgrensa.

§ 2.3 Småbåtanlegg og strandsone

- 2.3.1 SA er område satt til småbåtanlegg og strandsone. Småbåtanlegget skal ha 1 parkeringsplass per 4. båtplass på parkeringsareal PP1. Innanfor SA kan det etablerast maksimalt fem plassar til småbåtar.

§ 3 SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(PBL § 12-5 ledd nr.2)

§ 3.1 Kjøreveg

- 3.1.1 KV er privat kjøreveg for gnr. 21, bnr. 12, 4, 11 og 6.

Postadr.:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	Org.nr.:	E-post:
Krossvegen 8 5936 MANGER	56 34 90 00	56 34 90 01	3636.07.00776	954 748 634	postmottak@radoy.kommune.no



RADØY KOMMUNE

Planføreregner for Gnr. /Bnr. 21/12

Dudlatun – Radøy kommune

- 3.1.2 KV skal opparbeidast med snuhammar som vist i plankart.

§ 3.2 **Anna veggrunn-grøntareal**

- 3.2.1 AVG1- AVG2 er sideterreg til køyreveg KV. Sideterrenget skal tilplantast med stadeigen vegetasjon.

§ 3.3 **Kai**

- 3.3.1 KAI er kaiareal kopla til N.

§ 3.4 **Parkeringsplass**

- 3.4.1 PP1 er parkering for N og SA.

- 3.4.2 PP2 er bussoppstillingsplass og skal nyttast i samband med aktiviteter innafor N.

§ 3.5 **Føresegnsområde**

- 3.5.1 #1 er føresegnområde i vegen KV. Innafor #1 skal det leggas til rette for at vegen skal kryssa bekkedrag.

- 3.5.2 I #1 der vegen kryssar bekkedrag, skal det settast inn særskilte tiltak i forhold til avrenning og forureining mot bekken. Bekken skal haldast open og renne fritt under vegen. Vegetasjonsbeltet og liv i, og omkring bekkelaupe må ikke skadast eller fjernast. Sikring av elva i forhold til avrenning og forureining, og bevaring av vassføring og vegetasjonsbelte gjeld både i anleggsperioden og i brukspersonen.

- 3.5.3 Byggjegrense for #1 fell saman med føremålsgrensa til AVG1- AVG2.

§4 **GRØNTSTRUKTUR**

(PBL §12-5 nr.3)

§ 4.1 **Naturområde**

- 4.1.1 Området NAT1 og NAT2 er naturområde.

- 4.1.2 NAT1 er delvis omfatta av omsynsone H570.

§4.2 **Park**

- 4.2.1 PA1 er privat parkareal til bruk i samband med N. Arealet skal opparbeidast som utkikspunkt med sitteplassar som t.d benkar.

§ 5 **BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG**

(PBL §12-5 NR.6)

§ 5.1 **Friluftsområde i sjø og vassdrag**

- 5.1.1 Område o_SFS1 er friluftsområde i sjø og vassdrag.

§ 6 **OMSYNSSONER**

Sikrings-, støy og faresoner

(Pbl §12-6, jf. §11-8).

§ 6.1 **Bevaring av kulturmiljø**

- 6.1.1 Innanfor omsynsone H570 ligg det eit automatisk freda kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydeleggje eller utilbørleg skjemme kulturminna, eller framkalle fare for at det kan skje.

Radøy kommune
Dato revisert: